

Signeringsinformasjon

Side 1/1



Protokoll: Osterøy sokneråd torsdag 30. oktober 2025

Navn	Signert med	Tidspunkt
Bjarte Hammer Aarland	BankID OIDC High	2025-11-06 09:17:37
Kari Vevle Reigstad	BankID OIDC High	2025-11-05 10:50:36



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Møteprotokoll

Råd: Osterøy sokneråd

Dato og tid: 30.10.2025, 17:00

Stad: Kyrkjesenteret i Lonevåg

Saksmappe: OS2025-48

Til stades: Bjarte Aarland (leiar), Kari Vevle Reigstad (Nestleiar), Anne Cecilie Skeidsvoll (Medlem), Evy Bysheim Pedersen (Medlem), Jan Roald Myking (Medlem), Kristin-Merete Nøttveit (Medlem), Liv Rivenes (Medlem), Magne Roald Vikne (Medlem), Miriam Skjelvik Kalland (Medlem)

Forfall: Otto Mo (Medlem), Sigmund Faugstad (Andre innkalte)

Protokollfører: Linda Gripsgård Lunga

Til stades: Sokneprest Astrid Marie Haugland Vara for kommunal representant: Gerd Karin Njåstad Ein ekstra FR-sak og ein ekstra orienteringssak.

Sakslista

Faste Saker

036/25 FR- Godkjenning av innkalling og saksliste

037/25 FR - Godkjenning av protokoll

Møtesaker

038/25 FR- Økonomirapport frå 2. tertial 2025

039/25 FR - Revidert budsjett for 2025

040/25 FR - Delegeringsmynde ved utleige av kyrkjene på Osterøy

041/25 SR - Høyringssaker

042/25 SR - Gjevarteneste på Osterøy

043/25 SR - Konfirmantleir januar 2026

044/25 FR - Utføring av arbeid på Hosanger kyrkjegard

Orienteringssaker

00015 Tilbakemeldingar om grasklypping sommaren 2025

00016 Blomsterutdeling før jul.

00017 Varmeomnar i koret i Hamre kyrkje

00018 Bjørgvinsamtalen

00019 Kyrkjebevaringsfondet

00020 Oppdatering vatnskade i Bruvik kyrkje

Bjarte Aarland
leiar

Kari Vevle Reigstad
Nestleiar

036/25 FR- Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	30.10.2025	036/25

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og saksliste

Møtebehandling

Ein ekstra FR-sak om arbeid på Hosanger kyrkjegard.

Ein ekstra orienteringssak frå medlem Miriam Skjelvik Kaland i trusopplæringrådet.

Vedtak

Godkjent med overnevnte endringer.

037/25 FR - Godkjenning av protokoll

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	30.10.2025	037/25

Saksframlegg

Godkjenn protokoll fra møte 10.06.25

Vedtak

Godkjent.

038/25 FR- Økonomirapport frå 2. tertial 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	30.10.2025	038/25

Saksframlegg

Rapport frå 2. tertial viser eit mindreforbruk på kr 1 143 507,-. Dette er fordi festeavgifta vart sendt ut til mange og at eit stort antall hadde doble graver. Det kom inn over dobbelt så mykje i festeavgift som budsjettert med. Tala er ulik år for år, då festeavgift vert sendt ut for 5 år om gongen og kor mange som beheld grava eller vil slette er noko som vi ikkje veit når vi budsjetterer tala.

Mindreforbruket er også høgt fordi utbetalinga får Bjørgvin bispedøme for trusmedarbeidar Helga A. Mjelstad kjem på 2. tertial.

På grunn av ei auke i innbetalinga av festeavgifta bruker vi no, etter vedtak frå soknerådet i august, ca 100 000,- på å leige inn Roger Birkelund til å fjerne gravsteinar som lenge har vorte ståande.

Forslag til vedtak

Soknerådet godkjenner økonomirapporten slik den ligg føre.

Vedtak

Godkjent.

039/25 FR - Revidert budsjett for 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	30.10.2025	039/25

Saksframlegg

Grunna meir festeavgifter enn opprinneleg budsjettert er det ønskjeleg å bruke delar av dette til fjerning av gravsteinar. Festeavgifter (konto 36302) aukast frå 500 000 til 600 000, og vedlikehald (konto 32300) aukast tilsvarande frå 70 000 til 170 000. Mompskompensasjonskontoane (34290+37290) aukast med 25 000 (25%).

Revidert budsjett for 2025 ligg som vedlegg.

Forslag til vedtak

Soknerådet godkjenner det nye budsjettet for 2025 med dei endringane som ligg føre.

Vedtak

Revidert budsjett er godkjent.

040/25 FR - Delegeringsmynde ved utleige av kyrkjene på Osterøy

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	30.10.2025	040/25

Saksframlegg

Kyrjekontoret får ofte spørsmål om utleige av kyrkjene til ulike konsertar. Dette skal handsamast av soknerådet. Ofte tek dette for lang tid. Eit forslag for at søkjarar skal få raskare tilbakemeldingar er at soknerådet vel at ei lita gruppe på sokneprest, soknerådsleiar og organist saman behandlar desse søknadane.

Forslag til vedtak

Soknerådet gjer sokneprest Astrid Marie Haugland, soknerådsleiar Bjarte Aarland og organist Trent Bruner mynde til å handsame søknadane om utleige etter kyrkja sine regler og prinsipper.

Møtebehandling

Soknerådet tek avgjersler til utleige av kyrkjene på Osterøy. Soknerådsleiar Bjarte Aarland, sokneprest Astrid Marie Haugland og ein til får soknerådet vil kunne utgjere ei slik gruppe. Trent Bruner kan vere ein fagrådgjevar på den musikalske sida. Innhaldet i konsertane skal stå inne for kyrkja sine verdiar.

Vedtak

Bjarte Aarland, Astrid Marie Haugland og Evy Bysheim Pedersen utgjer delegeringsgruppa som skal avgjere kva for konsertar det skal opne opp for i kyrkjene på Osterøy.

041/25 SR - Høyringsaker

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	30.10.2025	041/25

Saksframlegg

Hos Kyrkjeleg Arbeidsgjevarorganisjon, KA, ligg det fleire høyringar. Vi kan svare på alle 4, med frist 21. november, men nokre fellesråd er peika ut spesielt til å svare på ein eller fleire. Osterøy er peika ut til å uttale seg om høyringa om kyrkjevalreglane.

Som vedlegg ligg eit litt langt notat om kyrkjevalet. I tillegg ligg spørsmåla vi skal svare på.

Forslag til vedtak

Soknerådet ber arbeidsutvalet om å svare på høyringa.

Vedtak

Soknerådet ber AU: Bjarte Aarland, Astrid Marie Haugland og Linda G. Lunga svare på høyringa innan 21. november.

042/25 SR - Gjevarteneste på Osterøy

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	30.10.2025	042/25

Saksframlegg

Gjevarteneste har vore eit tema vi ville ta opp etter at soknerådet hadde kome godt i gong. No nærmer tida seg til å setje seg inn i kva dette kan bety for Osterøy sokn.

Gjevarteneste er ein avtale der ein sjølv bestemmer kor mykje ein vil gje til eit særskilt område eller engasjement i regi av kyrkja på Osterøy. Det kan til dømes setjast ned ei arbeidsgruppe eller utval som jobber spesielt med gjevarteneste.

Gjevaren kan få skattefrådrag frå beløpet han/ho betalar.

Eit område kan til dømes vere stønad til diakoni.

I møte vil vi sjå deler av eit webinar om gjevarteneste.

Møtebehandling

Vi såg på deler av eit webinar om gjevarteneste frå KA. For mange kyrkjelydar vert det mindre midlar frå kommunane og det vert då endå viktigare med ei gjevarteneste. Kvifor skal nokon gje pengar til kyrkjelyden? Vi må veta kva vi vil og formulere det. Nyttig å lage ein brosjyre med informasjon. Det er viktig å skape engasjement.

For å få tilskot til diakoni må det vere ansatt ein diakon. Gjevarteneste kan vere ein måte å få midlar til ei diakonstilling.

Kan vi ha eit eige diakoniutval? Kyrkjebladet kan brukast for å nå ut til folk på Osterøy når vi har starta opp.

AU lagar grove skisser til ein idèdugnad til møte 4. desember.

Vedtak

Soknerådet er positive til å starte opp med gjevarteneste og ber AU utarbeide ei prosjektskisse.

043/25 SR - Konfirmantleir januar 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	30.10.2025	043/25

Saksframlegg

Fredag 30.januar til søndag 1. februar er det konfirmantleir for konfirmantar på Raknestunet. Er det nokre medlemmer i soknerådet som kan bidra inn i dette? Det kan vere nokre timer på dagtid eller som nattevakt ei av nettene.

Møtebehandling

Det er behov av hjelp til den praktiske avviklinga av leiren. Raknestunet ordner med mat. Alt anna trengs det hjelp til. Det vert gudsteneste på Raknestunet søndagen, i stadenfor på Hamre.

Vedtak

Gerd Karin Njåstad kan stille laurdag. Jan Roald Myking kan vere med, men ikkje som nattevakt. Anne Cecilie Skeidsvoll kan vere assistenten til Gerd Karin. Magne Vikne stiller. Miriam Skjelvik Kaland er litt avventande.

044/25 FR - Utføring av arbeid på Hosanger kyrkjegard

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Linda Gripsgård Lunga	30.10.2025	044/25

Saksframlegg

Bakgrunn

Taknedløp på nordvestsida av kyrkja ved hoveddør har vorte tett av lauv over tid. Dette har ført til at nedløpsrør har vorte frostspreng, røret er skifta ut. Nedløpsrør går gjennom mur og det er lekkasje i røret i muren. Nedom muren har vatnet vorte ført vidare av støypejernsrør. Det har også samla seg skit/lauv i dette røret i bakken. Det har vorte høgtrykkspylt og opna røret ca 9 m mot sjøen, men det er framleis tett anten av skit/lauv eller at røret har grodd igjen.

Taknedløp ved sidedør er skifta ut då det har vorte frostsprengd. Frå dette nedløpet og til hjørnet ved hoveddør (på nordvestsida) er rør i bakken spylt og gjort reint til hjørnet. Herfrå og ut er overvassrøret tett. Litt usikkert kvar røret går, men det har kome vatn ut ved nokre graver litt lenger nordvest.

Vedtak

Soknerådet ber kyrkjeverja om Roger Birkelund kan gå ned i pris på under 100 000,- . Dette for å sleppe å legge saka ut på anbod.

Festeavgifter (konto 36302) økes fra 600 000 til 700 000 og akutt vedlikehold anlegg (konto 32351) økes tilsvarende fra 47 000 til 147 000.

Momskompensasjonskontoene (34290 + 37290) økes med 25 000 (25%)

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	30.10.2025	00015

00015 Tilbakemeldingar om grasklypping sommaren 2025

Informasjon

I sommar har vi leigd fjernstyrt grasklyppar via eit firma på Osterøy. Finn Røslund har i sommar hatt denne jobben åleine og kjem for å fortelje om positive og negative sider ved ein slik grasklyppar på kyrkjegardane på Osterøy.

Finn har denne sesongen hatt jobben åleine. Tre dagar i veka vart litt lite og behovet er større enn det. Den fjernstyrte grasklypparen var lettare å få inn i transporteren enn raideren. Motoren rauk fleire gonger p.g.a steinar i graset. Elektriske motorer er meir sensitive for steiner og slag.

Kostnadane vart ca 60 000,- kr i reparasjon hos Solberg.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	30.10.2025	00016

00016 Blomsterutdeling før jul.

Informasjon

Soknerådet har tidlegare sagt ja til at vi fortset med utdeling av blomar til dei som har mista nokon det siste året. Dette er til pårørande som er busatt på Osterøy. Starten av desember er tida for det. Kontoret sender ut lister til medlemmer i soknerådet. Soknerådsmedlemmer henter blomar på kyrkjekontoret og deler ut i sitt heimeområde.

Tilbakemeldinger frå soknerådet for sist utdeling er at det må stå litt meir informasjon på listene. Det må stå noko om slektskapet til dei pårørande i fht den dei mottar blomsten for. Ektefelle eller anna slektskap. Det er også behov av ein eigen rubrikk for initialer, sidan det er fleire som deler på dette i same område av øya.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	30.10.2025	00017

00017 Varmeomnar i koret i Hamre kyrkje

Informasjon

I juni sendte kyrkjevevja inn søknad til Riksantikvaren om omnar i koret i Hamre kyrkje. Tirsdag 28.oktober kjem Riksantikvaren med fly heilt frå Oslo for å kome ut i Hamre kyrkje for å sjå nærare på plasseringa og dekoreringa i koret. Saka er difor enno ikkje ferdigbehandla.

Riksantikvaren skal no behandle saka igjen etter synfaringa. På synfaringa sa ho at omnane må vere frittståande, ca 20 cm frå veggen. Dette for ikkje å øydeleggje malinga. Omnane må også vere i same farge som veggen: Grøn. Det er viktig med langsam oppvarming av koret for ikkje å tørke ut interiøret. Varmen må heller ikkje bli ståande på for lenge.

Bravida er kontakta i fht pris på slike omnar.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	30.10.2025	00018

00018 Bjørgvinsamtalen

Informasjon

I september var soknerådsleiar Bjarte Aarland og nestleiar Kari Vevle Reigstad på Bjørgvinsamtalen.

Dei vil kort fortelje litt frå samtalen.

Positivt møte med andre fellesråd. Litt lite tid til mingling i gruppene for å utveksle erfaringer. Tema var korleis vi arbeider og eksempel på ting som går bra. Ein opplevelse av at det er stor skilnad på store og mindre fellesråd/sokneråd. Dette blir kanskje eit årleg arrangement.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	30.10.2025	00019

00019 Kyrkjebevaringsfondet

Informasjon

Kyrkjebevaringsfondet har ei tilskotsordning på 10 milliarder kroner til utdeling til listeførte og verneverdige kyrkjer i Norge. Neste søknadsfrist for dette er 3.november 2025. Etter sist møte med Osterøy kommune i mai kunne dei fortelje at dei ikkje er med i den "Intensjonserklæringa" som vi treng for å kunne vere delaktig i desse pengene og søkje om stønad til renovering av dei tre listeførte og den eine verneverdige kyrkja på Osterøy. Dei tre listeførte er: Gjerstad, Bruvik og Hosanger kyrkje. Den verneverdige er Hamre kyrkje. Tårnet i Bruvik kyrkje lek, og det gjer det også i tårnet på Hosanger kyrkje. Bruvik kyrkje treng også maling.

Soknerådet uttrykte frustrasjon over at Osterøy kommune ikkje er med på denne ordninga.

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	30.10.2025	00020

00020 Oppdatering vatnskade i Bruvik kyrkje

Informasjon

No er det ferdig måla og lista i Bruvik kyrkje. Rørleggar Aasheim set opp ny vask og ny toalett. Det vert også kjøpt inn ny varmtvatnstank, som kjem i det nye kjøkkenet, i stadenfor på veggen i toalettet. Det vert også montert alarm, dersom lekkasje. Dei monterer og set opp det nye kjøkkenet også i dåpssakrestiet.

Protokoll: Osterøy sokneråd torsdag 30. oktober 2025

Navn

Kari Vevle Reigstad

Dato

2025-11-05

Navn

Bjarte Hammer Aarland

Dato

2025-11-06

Identifikasjon



Kari Vevle Reigstad

Identifikasjon



Bjarte Hammer Aarland



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))